

ARTIKON AS
Eidsbakken 81
6037 EIDSNES

Dato	20.07.2023
Vår referanse	2023/68588-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrensa - fylkesveg 5458 Stranda - gnr 18 bnr 36 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 09.06.2023. Søknad er komme inn via Alver kommune.

Saka gjeld

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg for å oppføre ein ny fritidsbustad på eigedomen.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5458 Stranda for å oppføre ein fritidsbustad på gnr. 18 bnr. 36 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 21.12.2022.
2. Avstanden frå bygningen (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5458 Stranda skal vera minst 25 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5458 Stranda.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse lokalveg jf. Rammeplan 2021-2024.

Vi vurderer at tiltaket ikkje vil komme i konflikt med siktliner eller bruk av fylkesvegen, og at vi kan gje dispensasjon for tiltaket som er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Linda Hjelmeland
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 **Situasjonsplan avstand midt veg.pdf**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG